

Bok på 1-2-3

Tigeren har fødselsdag

Av Janosch

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinn i norsk, kunst og handverk og musikk. Temaet er vennskap.

Tid: 90 minutt

Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa. Mange barn som høyrer om dei to gode vennene i huset ved elva, vil berre høyre meir og meir.

Den vesle bjørnen og den vesle tigeren er to gode venner som opplever mange eventyr. Og dei er ikkje redde for nokon ting, for saman er dei så sterke. Mange andre venner har dei også, og eit koseleg lite hus ved elva.

Den vesle tigeren seier: «Eg har no fødselsdag ein av dagane, bjørn.» Altså må dei halde stort selskap. Og alle må kome.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015090106050
- Digital eller analog løysing for utarbeiding av ein invitasjon (sjå 4 Aktivitet). Vurder om eleven skal skrive analogt eller digitalt (balansert skriveopplæring). Ved analog skriveopplæring treng de ark, god og spissa blyant og fargeblyantar. Ved ei digital løysing kan de bruke ein app som til dømes Book Creator (iPad).



Formål

Norsk

- Utforske ulikskapar og likskapar mellom skiving på hovudmål og sidemål.
- Bruke fagspråk om setningsoppbygging og bøying av verb, substantiv og adjektiv i samtale om språk og om eigne og andre sine tekstar.

Kunst og handverk

- Bruke enkle komposisjonsprinsipp i ein invitasjon.

Musikk

- Eksperimenterer med rytmar, melodiar og andre grunnelement, og sette saman mønster til komposisjonar (dans).



1 Før lesing

(10 minutt)

Læraren kan seie: Kven er det som har fødselsdag neste gong (sjå på klassekalenderen)? Korleis brukar vi å markere fødselsdagar her på trinnet? No skal vi lese om korleis den vesle tigeren feira dagen.

2 Lesing

(20 minutt)

Alle kan lese nynorsk høgt. Høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk. Etter LK20 lærer eleven nynorsk hovudmål frå 1. trinnet eller sidemål frå 2. trinnet i opplæringa.

3 Etter lesinga

(30 minutt)

For ein fest av ei forteljing! No skal eleven få skrive ord/setning(ar)/tekst for å lage invitasjon til eige bursdagsselskap.

Alle verb skal merkast med fargen raud, substantiv skal merkast med fargen blå, og alle adjektiv skal merkast med fargen grøn.

Verb fortel kva som skjer eller kva nokon gjer: Leo **skriv**. Luisa **les**. Læraren smiler. Bjørnen og tigeren **dansar**.

Alt har eit namn. Desse namna plasserer vi i ordklassa **substantiv**. Substantiv er namn på personar, stader, dyr og ting. Substantiva blir også kalla namnord. Konkrete substantiv kan vi sjå eller ta på. Abstrakte substantiv er namn på noko vi ikkje kan sjå eller ta på, til dømes tid, helse, tanke.

Adjektiv fortel korleis nokon eller noko er eller ser ut: Broren min er **liten**. Bjørnen har laga ei **god** kake. Tigeren har **brune** striper.

Skriv ut modellteksten. Vurder om eleven skal skrive analogt eller digitalt (balansert skriveopplæring). Ved analog skriveopplæring treng de ark, god og spissa blyant og fargeblyantar. Ved ei digital løysing kan de bruke ein app som til dømes Book Creator (iPad).

Samtale:

Kva informasjon må vere med i ein bursdagsinvitasjon? Kven, kva, kor og når. Gjer kjent kven som har bursdag, kva slags type fest eller arrangement som er planlagt, dato og klokkeslett for feiringa og stad. Ta med kontaktinformasjon slik at gjestane kan seie frå om dei kjem eller ikkje.

3 Invitasjon (modelltekst)

Omar fyller 8 år
og vil invitere Johanna
i eit koseleg bursdagsselskap
i Sjøvegen 1 laurdag 3. mars klokka 16.00.

Det blir ein gøy dansefest.

Svar på invitasjonen innan 1. mars.

Velkomen!

Helsing Omar med familie,
telefon 111 22 333.



3 Etter lesinga (framhald)

Kva ulikskapar og likskapar er det mellom substantiva *selskap*, *klokke* og *fest* på hovudmålet og sidemålet? Bøy dei i bunden og ubunden form i eintal og fleirtal på hovudmål og sidemål, og samanlikn dei (kontrastiv grammatikk).

Hovudmål	Sidemål

4 Aktivitet (30 minutt +)

Ikkje noko selskap utan dans! Vi øver inn og framfører «Du e henta».
Elevar frå Ungdomsringsen Salten / BUL Bodø og elevar på Aspåsen skole i Bodø viser veg.

Musikk: «Du e henta» av Hekla Stålstrenga.

Tilleggsressursar:

- Vennskapssong og -dans «Kom som du er»: nynorsksenteret.no/kom
- «Dans dans dans» av Odd Nordstoga.